



Advokatfirma Mikkel Mundal
Hollendergaten 14
5017 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/749 - 14/2355

Saksbehandlar:
Tore Rikstad
tore.rikstad@radoy.kommune.no

Dato:
10.03.2014

Gnr. 54/3 Ulvatn - svar på søknad om dekning av kostnad med minireinseanlegg

Det vert vi st til dykkar søknad om tilskot til kjøp av minireinseanlegg.

Gnr.54/3 ligg i nedslagsfeltet for Ulvatn som er drikkevasskjelda for Radøy kommune og eigedommen er omfatta av klausulering etter skjønn i sak nr. 5/1972 B og sak. Nr. 29/1972 B for Nordhordland Herredsrett.

For omsøkte eigedom er det etter skjønnet – jf. takst nr.3-utbetalt erstatning med m.a. bakgrunn i «*Det påføres tap i bruks/salgsværdi av huset ved forbudet mot å installere W.C og bad*». Det er også ytt erstatning for »*støping av golv i doet*».

Etter søknad frå grunneigar vart det sak 276/84 i Bygningsrådet gjeve løyve til utslepp av spillvatn og til installera vassparande klosett med utslepp til tett oppsamlingstank på vilkår av at ved tømning av oppsamlingstanken måtte innhaldet transporterast bort frå området til ein godkjent tømmeplass. Ein kan ikkje på nokon punkt under handsaminga av utsleppssøknaden sjå at det er kommunen som skal ta kostnaden med tømninga. Ein kan helle ikkje sjå at dette på nokon måte kjem fram i sjølve søknaden om utsleppa. I denne samanheng må og nemnast at det i søknaden den gong vart opplyst at det kun var ein person som skulle bu i huset. Det er etter underteikna si vurdering lite tilfredsstillande å ha ei løysing med tett oppsamlingstank for fleire personar. Ei ordning med tett oppsamlingstank ville i dag slik det ligg på eigedommen, ikkje bli godkjent – jf. *lokal forskrift om utslepp frå mindre avlaupsanlegg for Radøy kommune*.

Eigedommen betalar i dag eit årleg slamgebyr etter gjeldane satsar, dvs. for 1 tømning annakvart år. Ekstratømningar utover dette vert/skal det fakturerast ekstra for.

Kommunen har ikkje berre ansvar for tømning av slamavskillarar for eigedommane i nedslagsfeltet for Ulvatn, men for heile kommunen.

Dykkar søknad om tilskot vert med dette avslått.

Ein eventuell søknad om kloakkutslepp via minireinseanlegg vil verta handsama etter gjeldane regelverk.

Underteikna kjenner ikkje til at det har vore ei synfaring på eigdommen slik de opplyser om i
dykkar brev av 03.03.14.

Med helsing

Tore Rikstad
leiar teknisk drift

Kopi: Rune Ulvatn

Vedlegg:
mundal

Kopi til:
..

Mottakere:

Advokatfirma Mikkel Mundal

Hollendergaten 14 5017

BERGEN